



SIM

# Glas- og metallemballasje



SKYL



TØRK



KAST

# Kva skal i dunken?

I den oransje dunken skal du som hovudregel kasta *rein* glas- og metallemballasje som det var mat eller drikke i då du kjøpte produktet på butikken.

## ✓ Ja takk

Som hovudregel rein glas- og metall-emballasje som det har vore mat eller drikke i, som t.d.:

*Glasflasker, glaskrukker, hermetikkboksar, mjuke metallboksar, aluminiumsfolie, øl- og brusboksar utan pant, metall-lok, metallkorkar, metaltubar, telyskapslar.*



## ✗ Nei takk

- Tilgrisa glas- og metallemballasje.
- Glas- og metallemballasje det har vore farleg avfall i.
- Anna glas og metall som ikkje er emballasje, som t.d.:  
*Porselen, keramikk, krystall, eldfaste former, speglar, vindaugsglas, lyspærer, malingsspann, steikepanner, gryter, bestikk, bildelar.*



**Merk:** Dersom glas- og metallemballasjen er tilgrisa, skal den i restavfallet.



## Skyl

Skyl glas- og metallemballasjen i kaldt vatn, og dra gjerne kjapt over med oppvaskbørsten.

---



## Tørk


Rist av vatnet slik at emballasjen er nokolunde tørr.

---



## Kast

Kast emballasjen i den nye dunken med oransje lok som du har fått hos SIM. På hentedagen plasserer du dunken ut som vanleg, slik at bosbilen kan hente avfallet. Sjå tømmekalender og app for kva tid din dunk skal ut.



## Slik er ordninga:


Dunkane vert tømde kvar 8. veke. Alle dunkar er merkte med A- eller B- rute. Det vil seia at dunken skal settast ut i den veka det er A- eller B-rute.

I tømmekalenderen, eller i SIM-appen, vil du sjå om din dunk skal settast ut på A- eller B-rute.



## Kostar det noko?

For den minste dunken (140 liter) er prisen 125 kroner per år. Prisen for ein 660 liters dunk er 575 kroner per år.



**SIM**

**Sunnhordland  
Interkommunale  
Miljøverk IKS**

Svartasmåget, N-5419 Fitjar  
Telefon: 53 45 78 50  
E-post: [sim@sim.as](mailto:sim@sim.as)  
[www.sim.as](http://www.sim.as)